

GAULAFONDET

Vedtekter for bruk og forvaltning av midlane kommunen har fått i samband med at Gaularvassdraget vart verna mot kraftutbygging

Innhold

| | |
|--|---|
| § 1 HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTING..... | 2 |
| § 2 FØREMÅL | 2 |
| § 3 STØTTEFORMER..... | 3 |
| § 4 STØTTEVILLKÅR..... | 3 |
| § 5 TILHØVE TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STATSSTØTTEOMRÅDET | 3 |
| § 6 FORVALTING | 4 |
| A) Klage på om eit vedtak er lovleg | 4 |
| B) Forvaltningsklage (partsklage) | 4 |
| § 7 ÅRSMELDING | 4 |
| § 8 GODKJENNING AV VEDTEKTENE..... | 4 |

Revidert 22.02.18

Janne Kristin Bøyum

§ 1 HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTING

A) Kapitalen i fondet er 10 millionar, løyvd av Stortinget 19. desember 1994. Kapitalen i fondet kan berre nyttast til lån, medrekna ansvarleg lån, og/eller avsetjast til garantifond.

B) Realavkastinga av fondsmidlane kjem fram slik:

Renter og anna avkasting av fondskapitalen

-Regulering av fondskapitalen for inflasjon

=Realavkasting som kan nyttast til tilskot og betinga lån

Kapitalen i fondet blir vert regulert 1. januar kvart år med grunnlag i konsumprisindeksen i desember året før.

Til dømes var konsumprisindeksen i desember 1994 255,7. Ein får då følgjande reknestykke:

$$\text{Kapital i fondet} = \frac{10 \text{ mill.} \times Y}{255,7}$$

Y = Konsumprisindeksen i desember kvart år ved regulering av fondskapitalen.

Realavkasting frå fondet som ikkje blir vert nytta det eine året vert overført og kan nyttast året etter eller seinare år.

§ 2 FØREMÅL

- Fondet skal først og fremst nyttast til næringsføremål. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.
- Prosjekt som er med på å betre sysselsetjing for kvinner og ungdom vert høgt prioriterte.
- Innafor villkåra som gjeld for bruken, skal fondet nyttast aktivt for å nå måla i ulike strategiske planar for Gaular.
- Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til drift av bedrifter og kommune.
- Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemd som får større overføringar over statsbudsjettet.

§ 3 STØTTEFORMER

Det kan gjevast støtte i form av lån. Det kan også stillast garanti for kommunale tiltak i den grad tiltaka er gyldige garantiføremål i samsvar med § 51 i kommunelova, jamfør Kommunal og moderniseringsdepartementet si forskrift om kommunal garanti.

I tillegg kan det gjevast tilskot og betinga lån frå avkastinga. Midlane bør ikkje nyttast til å teikne aksjar i private bedrifter.

Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan dei ikkje svara for meir enn 30 % av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg og liknande som kommunen etablerer i samband med private interesser.

§ 4 STØTTEVILLKÅR

- Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje være meir enn 50 % av samla kapitalbehov for eit prosjekt.
- For prosjekt som er særst viktige for kvinner og ungdom, og ved nyetablering kan det gjevast opptil 75 % finansiering.
- Støtte (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån og med nedsett rente) skal vere avgrensa til:
 - A) Maksimal støtte må ligge innafor ei maksimumsgrense på kr 600.000 (ca 50.000 €) til eit og same føremål i ei og same bedrift i ein 3-års periode.

Bedrifter som har motteke støtte frå fondet pliktar å gje opplysningar om dette dersom dei søker om meir støtte med offentlege midlar innan utgangen av 3-år perioden.

- B) Støtte til bedrifter i kommunen skal vere innafor grensene som gjeld i forskriftene om støtte frå Statens nærings –og distriktsutbyggingsfond (SND).

Utval for næring teknisk, som er fondstyret, kan sjølv velje den løysinga (formuleringa i vedtektene) som høver best for kommunen.

§ 5 TILHØVE TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STATSSTØTTEOMRÅDET

Bruken av fondet må vere i samsvar med internasjonale reglar som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 6 FORVALTING

Kommunestyret nemner opp medlemmer i fondsstyret.

Fondsstyret kan delegere avgjerdsrett til administrasjonen i kurante saker med tilskotssum opptil kr 100.000. Med kurante saker er her meint liknande saker som fondstyret tidlegare har teke avgjerd i og som det har danna seg praksis for. Praksis frå bruk av det kommunale næringsfondet er eit godt utgangspunkt for denne vurderinga. Utover dette kan fondstyret sjølv definere nærare kva dei meiner med kurante saker.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag vert tilbakeførde til fondet.

A) Klage på om eit vedtak er lovleg

Etter kommunelova § 59 kan 3 eller fleire medlemmer av kommunestyret saman klage eit vedtak gjort i eit folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet. Departementet avgjer om vedtaket er lovleg. Departementet har delegert sin avgjerdsrett i slike saker til fylkesmannen.

B) Forvaltningsklage (partsklage)

Vedtak i fondsstyret kan påklagast til formannsskapet. Vedtak i kommunestyret kan påklagast til departementet, jamfør § 28 i forvaltingslova. Departementet sin mynde til å ta avgjerd i forvaltningsklager er delegert til fylkesmannen.

§ 7 ÅRSMELDING

Det skal kvart år leggjast fram melding til kommunestyret om bruken av fondet. Gjenpart av meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 GODKJENNING AV VEDTEKTENE

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Kommunestyret sitt vedtak må godkjennast av fylkesmannen.

Kopi av godkjende vedtekter skal sendast til fylkeskommunen.